



Prosjektstyring Vest AS  
Arne Kristiansen  
Pb 66  
5318 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4600 - 19/2015

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
01.02.2019

## Klarlegging av skade/funksjonalitet på demning i fangdam på Mjåtveit

Viser til tidlegare tidligare korrespondanse om mogleg skade på demning i fangdam ved Mjåtveit næringspark.

Som de er kjent med har det vore stilt spørsmål om det er ein skade på demninga, og at det som følgje er ein lekkasje som kan gje dårlegare sedimentering av partiklar i vatnet. Meland kommune vart tilsendt 22. oktober 2018 eit notat utarbeid av LFI Norce for Mjåtveitelvens foreining. Notatet går gjennom den moglege skaden på fangdammen etter hogsten summaren 2018 (dokumentet er vedlagt).

Meland kommune vidaresendte dette til Fylkesmannen i Hordaland for avklaring og innspel i prosessen. Fylkesmannen i Hordaland er både rådgjevande- og forvaltningsmynde innan ureining og naturmangfald. Dei er også ansvarlege for gjenutsetting av elvemusling i Mjåtveitelva.

Mjåtveit Næringspark har bygd og vedlikehald fangdammane i kanten av næringsparken som følgje av krav stilt i reguleringsplanen for å redusera partikkelavrenning frå området og utbygging. Det er viktig at desse fangdammane oppretthald den t funksjonen som er utgangspunkt i krava stilt i reguleringsplanen. Dette for å unngå unødig avrenning til vassdraget. Notatet utarbeidet av LFI Norce stiller spørsmål om funksjonen til fangdammen etter hogsten summaren 2018 og meiner at det er ein lekkasje under demninga. Dette gjer at demninga ikkje held vatnet lenge nok til at partiklar vert sedimentert.

Meland kommune har etter råd frå Fylkesmannen i Hordaland kome fram til at Mjåtveit næringspark AS må kartleggja/klarleggja om demninga har fått skade og lekkasje som gjer at demninga ikkje fører til god nok sedimentering. Dersom kartlegginga viser at demninga ikkje held den funksjonen som er krav i reguleringsplanen, må Mjåtveit Næringspark utbetra demninga slik at den oppfyller dei krava som er stilt. Det er viktig at kartlegginga vert gjort fagpersoner, slik at det kan med sikkerhet kan vurderast om dagens situasjon er i tråd med krav stilt i plan.

Meland kommune vil ha skriftleg tilbakemelding på kva kartlegging av demninga viser, og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å utbetra demninga.

Mjåtveit næringspark AS må sjølv retta eventuelle krav til den som er ansvarleg for skaden.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Brev\_rensepark.pdf 22.10.2018

**Mottakere:**

Prosjektstyring Vest AS

Arne Kristiansen 5318

STRUSSHAMN